



Årdal kommune

Formannskapet

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 24.03.2026

Møtetid: Kl. 14:00 - 14:30

Møtestad: Kommunestyresalen

Saksnr.: 026/26 – 027/26

Følgjande medlem møtte	Parti
Anita Hagen Lægreid	AP
Anne Kauppi	AP
Christian Sønstlien	AP
Geir Kjetil Øvstetun	AP
Marie-Helene H. Brandsdal	AP
Knut Arne Klingenberg	H

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Trude Gjermo	H	Bjørn Thomas Haugen	H

Møteleiar:	Ordførar Christian Sønstlien
Frå adm. møte:	Kommunedirektør Mette Hestetun Berg

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
PS-026/26	Konstituering
PS-027/26	Søknad om dispensasjon på FV5632, Melheim - Haug

Saksnr.	Utval	Møtedato
026/26	Formannskapet	24.03.2026

Sakshandsamar: Laila Irene Røneid

Arkiv:

Arkivsak: 26/419 -
Ugyldig flettefelt

Konstituering

1. Opning av møte
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av sakliste
4. Møteprotokoll - det skal veljast to personar som skal underskrive møteprotokollen digitalt i lag med ordførar.

24.03.2026 Formannskapet

Ingen merknad til innkalling og sakliste.

Framlegg på Anne Kauppi, AP og Knut Arne Klingenberg, H til å godkjenne og signere møteprotokoll i lag med ordførar.
Samrøystes.

Fskap - 026/26 Vedtak

Innkalling og sakliste godkjent utan merknad.

Anne Kauppi, AP og Knut Arne Klingenberg, H skal godkjenne og signere møteprotokoll i lag med ordførar.

Saksnr.	Utval	Møtedato
027/26	Formannskapet	24.03.2026

Sakshandsamar: Sebastian Hjertager Lund

Arkiv:

Arkivsak: 26/353 -
Ugyldig flettefelt

Søknad om dispensasjon på FV5632, Melheim - Haug

Saka gjeld

Vestland fylkeskommune søker om dispensasjon frå arealføremålet (LNFR) i gjeldande kommuneplan for utbetringar og etablering av møtelommer på FV5632 mellom Melheim og Haug.

Bakgrunn

Søknaden kjem på bakgrunn av naudsynte utbetringar på fjellvegen mellom Årdal og Luster, i hovudsak mellom Melheim og Haug på Årdalssida. Innspel for utbetningsbehov er komen frå brukarar, Tindevegen, turistnæringa, busselskap m.m.

Det er Vestland fylkeskommune som er søker på tiltaka, medan Årdal kommune vil vere utførande på vegne av fylkeskommunen. I søknaden legg dei til grunn at dei har fokus på klima og miljøbelastninga i vegprosjekt, og jobbar stadig for gjenbruk av massane på eigne vegprosjekt størst mogleg grad. Det skal nyttast sprengmassar frå kraftutbygginga i Fardalen, og stadeigen jord som vert fjerna skal reetablerast. Tiltaka omfattar utbetring av eksisterande vegtrase og 6 møtelommar med ein storleik på 3 meter breidde og 15 meter lengde.

Tiltaksområdet er ikkje regulert av reguleringsplan, og kommuneplanen vert difor gjeldande. Området er avsett til LNFR-område i arealdelen til kommuneplanen, medan det er lagt inn linjesymbol for samferdselsanlegg i plankartet. Linjesymbolet i kommuneplanen tillèt mindre utbetringar som sideanlegg, lysanlegg, bomstasjonar m.m. utan at det utløysar krav til reguleringsplan eller dispensasjon. Dei omsøkte tiltaka i denne saka overstig det som vert tillete innanfor ramma til arealbruken kommuneplanen legg til rette for.

Søknad om dispensasjon er grunna i:

- Ein får nytta overskotsmassar frå kraftutbygging til å etablere møtelommar i tilknytning til smale vegar, såleis vert miljøgevinsten stor ved gjenbruk, redusert massetransport, samfunnsnytte etc.
- Betre framkomme for trafikantane.
- Betre trafikkflyt, mindre start-stop som redusera utslepp til luft.

- Betre flyt i trafikken som skapar betre opplevingar for turistar og brukarar av vegen.

Drøfting

For at kommunen skal kunne gje dispensasjon må begge vilkåra i pbl. § 19-2 vere oppfylte. Omsynet bak føreseigna det søkjast å dispensera frå må ikkje verte vesentleg tilsidesett. Det må òg ligge føre ein klar overvekt av fordelar som talar for å gje dispensasjon.

Sjølv om tiltak i tilknytning til samferdselsanlegg i utgangspunktet kan reknast som naturlege og nødvendige utbetringar innanfor eksisterande samferdselsanlegg, vurderer kommunen at omfanget i denne saka samla sett går utover det som kan reknast som reine drift- og vedlikehaldstiltak.

Tiltaket omfattar fleire inngrep over ei lengre strekning, og medfører ei viss utviding av vegarealet utover eksisterande veggrunn. Kommunen vurderer difor at tiltaket ikkje fullt ut kan heimlast direkte i kommuneplanen sitt linjesymbol for samferdselsanlegg, og at det dermed krev dispensasjon frå LNFR-formålet.

Samtidig er tiltaket av avgrensa omfang og knytt til eksisterande vegtrasé, utan å innebere etablering av ny veg eller større omdisponering av areal. Tiltaket vurderast difor ikkje å vere av ein slik karakter eller storleik at det utløyser krav om reguleringsplan etter plan- og bygningslova og § 1-2 i gjeldande kommuneplan.

Omsynet bak LNFR-formålet er å sikre areal for landbruk, natur og friluftsliv, samt å avgrense nedbygging og tekniske inngrep i utmark. Tiltaket gjeld etablering av seks møtelommar langs eksisterande fylkesveg, og er avgrensa til mindre utbetringar i direkte tilknytning til eksisterande vegtrasé. Det er ikkje snakk om etablering av ny veg eller utviding av vegsystemet, men ei funksjonell oppgradering av dagens vegstandard for å sikre betre trafikkflyt.

Tiltaka er lokalisert på eller tett inntil eksisterande vegareal, og medfører ei avgrensa omdisponering av LNFR-areal. Det er opplyst at tiltaket ikkje kjem i konflikt med landbruksinteresser, naturtypar, myrområde eller kjende kulturminne. Vidare skal massar handterast slik at eksisterande vegetasjon og naturleg revegetering vert ivareteken.

Tiltaka inneber inngrep i natur og areal avsett til LNFR i kommuneplanen, og kan isolert sett vurderast å vere i strid med omsynet bak føreseigna, som mellom anna skal sikre natur-, landskaps- og friluftinteresser, samt avgrense nedbygging i utmark. Samstundes må omsynet til arealformålet vurderast opp mot den samfunnsnyttige verdien av tiltaket.

Den aktuelle vegstrekninga er éin av tre innfallsportar til Årdal (stengd vinterstid), og utgjør ein viktig ferdssåre mellom Årdal og Luster, særleg i turistsesongen. Trafikken på strekninga er betydeleg, med om lag 60 000 årlege passeringar, og det er venta auke i trafikkmengda framover. Vegen er smal og svingete, med avgrensa møteplassar, noko som gjev utfordringar for trafikkavviklinga, særleg for større køyretøy.

Dei planlagde utbetringane tek sikte på å betre trafikkflyten og redusere behovet for stopp og rygging. Dette vil bidra til auka trafikktryggleik, betre framkome og meir effektiv trafikkavvikling. Samstundes vil jamnare trafikkflyt kunne gi reduserte utslepp samanlikna med dagens situasjon med hyppig stopp og start.

Tiltaka er avgrensa i omfang og skjer i direkte tilknyting til eksisterande vegtrasé. Inngrepa i LNFR-areal er difor relativt små og lokalt avgrensa. Etter ei samla vurdering meiner kommunen at den samfunnsnyttige verdien av tiltaket klart veg tyngre enn ulempene knytt til inngrep i LNFR-område. Omsyna bak føreseigna vert etter dette ikkje vurdert å verte vesentleg tilsidesette.

Etablering av møtelommer og tilhøyrande utbetringar langs eksisterande fylkesveg vil ha fleire klare fordelar. Tiltaket vil kunne betre trafikktryggleiken ved å redusere behovet for rygging og uoversiktlege møtesituasjonar på ein smal og svingete vegstrekning. Særleg for større køyretøy vil dette gi ein meir føreseieleg og trygg trafikkavvikling. Vidare vil tiltaka bidra til betre framkome og meir effektiv trafikkflyt, noko som er særleg viktig i turistsesongen når trafikkmengda er høg. Jamnare trafikkavvikling kan òg gi positive effektar i form av redusert utslepp frå køyretøy, ved at ein unngår unødvendig stopp og oppstart.

Gjenbruk av overskotsmassar frå kraftutbygging er eit positivt element, då dette reduserer behovet for transport og deponering av massar, og bidreg til meir berekraftig ressursbruk. Jord som vert fjerna i anleggsfasen skal gjenbrukas og nyttast på skråningskantar for å ivareta naturlege vekstar som er etablert i området. Ved arrondering og revegetering av areala skal det nyttast stadeigen frøbank.

På den andre sida medfører tiltaket inngrep i LNFR-område, med omdisponering av mindre areal til vegføremål. Dette inneber eit visst tap av natur og kan påverke landskapsopplevinga lokalt. Sjølv om det ikkje er registrert særlege naturverdiar i tiltaksområdet, vil slike inngrep generelt bidra til fragmentering og nedbygging av utmarksområde. Det kan òg vere ein viss risiko for terrenginngrep som gir varige spor dersom ikkje tiltaka vert godt tilpassa landskapet og følgde opp med tilfredsstillande revegetering.

Samla sett vurderer kommunen at fordelane ved tiltaket er klart større enn ulempene. Tiltaket er avgrensa i omfang, knytt til eksisterande infrastruktur og gir vesentlege gevinstar for trafikktryggleik, framkome og samfunnsnytte, medan ulempene knytt til inngrep i LNFR-område er avgrensa og kan reduserast gjennom skånsam gjennomføring og tilpassing til landskapet.

Økonomi

Fylkeskommunen har prioritert midlar til etablering av møtelommer på FV5632 mellom Melheim og Haug.

Folkehelseperspektiv

Tiltaket vurderast å ha positive effektar for folkehelsa. Betre trafikktryggleik og meir føreseieleg trafikkavvikling reduserer risiko for ulykker og utrygge situasjonar for trafikantar. Dette gjeld særleg på ein smal og svingete vegstrekning med aukande trafikk, inkludert turisttrafikk og større køyretøy. Samstundes kan betre trafikkflyt bidra til redusert lokal luftforureining og støy, som følgje av mindre stopp og oppstart.

Tiltaket vil òg kunne gjere området meir tilgjengeleg, noko som kan ha positive verknader for friluftsliv og bruk av nærområda. Samla sett vurderer kommunen at tiltaket har ein positiv verknad for folkehelsa, og at dette er eit moment som talar for å gje dispensasjon.

Miljø

Saka er vurdert etter § 8 i naturmangfaldlova. Tiltaksområdet ligg innanfor villreinområde for vest-Jotunheimen. Det er snakk om mindre vegutbetring og etablering av møtelommer langs eksisterande veg mellom Melheim og Haug, og det vert ikkje lagt opp til varig opphald. Det skal nyttast overskotsmassar frå kraftutbygging. Krava i § 8 i naturmangfaldlova blir dermed vurdert som oppfylt.

Det er registrert ein raudlista art – Grønfinn ved toppen av tiltaksområdet på Haug. Denne vart observert og registrert 12. juni 2022. Med omsyn til artens forflytningsevne og storleiken på tiltaka, vurderast det at arbeidet ikkje påverke arten i nemneverdig grad.

Grunna at naturmangfald ikkje vert påverka av tiltaket, og det ikkje kan påvisast effekt av tiltaket på verdifull natur, legger kommunen til grunn at det ikkje er naudsynt å gjere vurderingar etter dei andre miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 9-12. Jord som må fjernast før fylling vert teken vare på og reetablert og nytta på skråningskantane for å ivareta dei naturlege vekstane som er etablert i området. Det vert nytta stadeigen frøbank ved arronderingsarbeidet.

Fremmedartar

Det er registrert to fremmedartar innanfor tiltaksområdet – Hagelupin og Kjempespring. Begge artane har klassifiseringa SE – svært høg risiko som er den høgaste klassifiseringa. Ved funn av fremmedartar under anleggsarbeidet skal desse fjernast og handsamast etter gjeldande forskrifter, t.d. § 28 andre ledd i naturmangfaldslova.

Behov for klimatilpassing

Delar av tiltaka langs- og på vegen ligg innanfor kartlagde faresoner for skred i NVEs faresonekart. Det er snakk om faresoner med gjentakingsintervallar på 1/1000 og 1/5000 årleg sannsyn.

I søknaden vert det synt til reglane i veglova frå 1964 med siste endring i 2025, samt vegnormal N200 kapittel 1.7 **tryggleik mot skred** som legg til grunn følgjande: «For mindre utbetringar kan det ut frå samfunnsøkonomiske omsyn, akseptast at tryggleiksnivået i tabell 1.7 -1 ikkje oppnås».

Tiltakshavar vurderer det som samfunnsøkonomisk ugunstig å etablere sikringstiltak for å eliminere bort skredfare på strekningar der det etablerast møtelommar. Møtelommene skal fungere som forbetring av trafikkflyten, noko som støtter intensjonen bak kap. 1.7 i vegnormal N200 om «trafikk i normal flyt».

Jf. TEK17 kap. 7.3 tryggleik mot skred er det sett tre tryggleiksklassar med preaksepterte forhold. For tryggleiksklasse S1, der det er tillete skredfare med eit årleg sannsyn opp til 1/100, kan det førast opp bygningar og konstruksjonar der det normalt ikkje oppheld seg personar og der det er små økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar ved ein skredhending.

Kommunen vurderer i likskap med tiltakshavar at det *ikkje* er samfunnsøkonomisk hensiktsmessig å etablere skredsikring langs vegtraseen. Utbetringane og møtelommene er meint som ein rein forbetring av trafikksituasjonen på vegen, og legg ikkje til rette for auka

varig personopphald. Vegutbetringa med møtelommane kan på si side medføre betre trafikkflyt og mindre personopphald.

Juridisk vurdering

Saka er vurdert til å ikkje medføre nokon juridiske konsekvensar.

Pro et contra

Pro:

- Betre trafikkflyt og trafikkavvikling
- Avgrensa storleik på tiltaka
- Mindre start og stopp
- Kan forhindre rygging og andre uynskte trafikale ulemper

Contra:

- Nedbygging av naturområde
- Areal avsett til LNFR-område vert omdisponert til vegareal

Tilråding:

Formannskapet finn, på bakgrunn av det som går fram av saka, at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylte. Formannskapet gjev, i tråd med pbl. § 19-2 dispensasjon frå arealføremålet til gjennomføring av vegutbetringar og etablering av seks møtelommer på FV5632.

Vilkår:

1. Det må, med omsyn til skredfare, setjast opp skilt som forhindrar parkering over lengre tid og camping/villcamping ved dei seks planlagde møtelommene.
2. Ved funn av fremmedartar under anleggsarbeidet skal desse fjernast og handsamast i tråd med gjeldande forskrift, m.a. § 28 andre ledd i naturmangfaldslova.

24.03.2026 Formannskapet

Tilråding vart teken opp til røysting.
Samrøystes.

Fskap - 027/26 Vedtak

Formannskapet finn, på bakgrunn av det som går fram av saka, at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylte. Formannskapet gjev, i tråd med pbl. § 19-2 dispensasjon frå arealføremålet til gjennomføring av vegutbetringar og etablering av seks møtelommer på FV5632.

Vilkår:

1. Det må, med omsyn til skredfare, setjast opp skilt som forhindrar parkering over lengre tid og camping/villcamping ved dei seks planlagde møtelommene.
2. Ved funn av fremmedartar under anleggsarbeidet skal desse fjernast og handsamast i tråd med gjeldande forskrift, m.a. § 28 andre ledd i naturmangfaldslova.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon jf. pbl. §19-2 for tiltak på areal avsett til LNFR

Kart fv 5632 Haug

Kart fv 5632 Melheim